

Dato: 11.11.2016  
 Vår ref.: 2016/2926 - 27079/2016  
 Ark.kode:

## Møtereferat

<b>Møte nr. 1 i:</b> <b>Førebuande fellesnemnd (FF)</b>	<b>Dato:</b> 09.11.2016	<b>Tid:</b> Kl. 11.00 – 14.00
<b>Møteleiar:</b> Ordførar i Fjell kommune, Marianne Sandahl Bjorøy (AP).		
<b>Medlemer som møtte:</b> <u>Fjell kommune:</u> Egil Haaland (AP), Hilde Lohmann Sandal (AP), Tom Georg Indrevik (H), Ernst Einarsen (H), Anita Garlid Johannesen (FrP), Svein Bergh (SL), Odd Bjarne Skogestad (KrF).  <u>Øygarden kommune:</u> Børge Haugetun (TVØ), Silvia Haugland (TVØ), Espen Harkestad (AP - kom kl. 13.00 til sak 7), Ingrid Toft (H).  <u>Sund kommune:</u> Kari-Anne Landro (H), Nils Kåre Skoge (H), May Elin Limevåg (FrP), Jogeir Sognnæs (AP), Kjell Arve Vorland (SP).  <b>Tillitsvalte med observatørstatus:</b> Trude Erstad Villanger (HVO Fjell), Hildegunn Høyland (Fagforbundet), Vibecke Hodnekvam (Utdanningsforbundet).	<b>Forfall:</b>	
<b>Andre:</b> Servicetorgsjef og koordinator for førebuande fellesnemnd Lillian Torsvik, rådmann i Fjell Steinar Nesse, rådmann i Øygarden Siri Fahlvik Pettersen, rådmann i Sund Rune Lid, leiinga hos fylkesmannen i Hordaland v/ prosessrettleiar Ole Bakkebø.		
<b>Referent:</b> Unni Rygg		

Saksnr	Sakstittel
<b>1/16</b>	<b>Velkomen og presentasjon av representantane i førebuande fellesnemnd</b>  Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy lot alle i den førebuande fellesnemnda – 16 politiske representantar og 3 tillitsvalte med observatørstatus – presentere seg sjølve, og presenterte deretter særskilt inviterte til møtet. Espen Harkestad var ikkje tilstades under presentasjonen.
<b>2/16</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>  Sakslista vart godkjent utan kommentar.

	<p>Innkallinga vart godkjent med følgjande kommentar frå Vibecke Hodnekvam:</p> <p>Det er ynskje om å få innkallinga med sakspapir i god tid før møtet.</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til at denne kommentaren kan diskuterast og konkretiserast under ymsesaka.</p>
3/16	<p><b>Informasjon og orientering v/ordførarane</b></p> <p><b>Premissar og mandat v/Marianne Sandahl Bjorøy</b></p> <p>Bjorøy informerte om at dei tre kommunestyra i Fjell, Sund og Øygarden har gjort <u>felles vedtak</u> om oppretting av ei førebuande fellesnemnd med eigne premissar og mandat. Den førebuande fellesnemnda er ei ikkje-lovpålagt nemnd som fungerer til formell fellesnemnd vert etablert i samsvar med Inndelingslova og etter vedtak i Stortinget våren 2017. Ein viktig funksjon for den førebuande fellesnemnda er å sikre open og god dialog med alle, og difor er tre tillitsvalte – på vegne av alle tilsette i Fjell, Sund og Øygarden – tatt med i nemnda med observatørstatus og tale- og forslagsrett. Andre sentrale <i>premissar</i> er at vedteken intensjonsavtale ligg til grunn for nemnda. Nemnda har ikkje fullmakt til å ta avgjersler og ved eventuelle behov må vedtak fremjast i felles sak til dei tre kommunestyra.</p> <p>Den førebuande fellesnemnda har fått eit <i>mandat</i> frå dei respektive kommunestyra som ligg til grunn for nemnda sitt arbeid fram til den formelle fellesnemnda er oppnemnd. Mandatet inneber kartlegging av IKT-system, selskapsstruktur, pensjonsordningar, personalreglement- og løns- og arbeidsvilkår for tilsette, og å arrangera framtidseminar og kommunebesøk / studietur. I tillegg skal nemnda setje i gang arbeidet med å tilsetje prosjektleiar, utarbeide kommunikasjonsplan, og legge til rette for felles kommunestyremøte i forkant av oppretting av formell fellesnemnd våren 2017.</p> <p><b>Informasjon og orientering v/Kari-Anne Landro</b></p> <p>Landro informerte om <i>overordna framdriftsplan</i> for etablering av «Vår nye kommune». I framdriftsplanen vart viktige milepælar med tidsplan presentert. Førebuande fellesnemnd skal ha sitt virke fram til juni / august 2017, då fylkesmannen vil kalle inn til felles kommunestyremøte etter vedtak i Stortinget. Den formelle fellesnemnda vert oppnemnt juni / august 2017 og fungerer fram til «Vår nye kommune» er i drift 01.01.2020 – jf. kommunestyreval hausten 2019.</p> <p>Landro informerte deretter om inndelingslova som gjeld ved kommunesamanslåinga, med vekt på §§ 25 og 26 som sentrale paragrafar. <i>Inndelingslova § 25</i> viser til at etter vedtak i kommunar om samanslåing skal Fylkesmannen snarast mogleg kalle saman til eit felles møte med dei aktuelle kommunestyra og drøfta følgjande tema – forslag til kommunenamn, talet på kommunestyremedlemer, kriterium for fellesnemnda etter § 26, val av revisor for fellesnemnda, og oppretting av eventuelle andre fellesorgan. <i>Inndelingslova § 26</i> viser til at det skal opprettast ei fellesnemnd til å samordne og førebu kommunesamanslåinga, med konkrete arbeidsoppgåver og mandat, og at denne formelle fellesnemnda skal fungere fram til det nye kommunestyret er konstituert etter reglar i inndelingslova § 27.</p>

	<p><b>Informasjon og orientering v/Børge Haugetun</b></p> <p>Haugetun viste til <i>seminarrekke</i> for kommunar som har gjort vedtak om å slå seg saman. Dette er eit nasjonalt oppfølgingstilbod som resultat av ei avtale mellom Kommunal- og moderniseringsdepartementet, KS, LO, Unio, YS og Akademikerne, og seminarrekke skal gje kommunane auka kunnskap og erfaringsdeling om kommunesamanslåing. Det var oppstartsamling 31.oktober – 1.november 2016 med representantar frå 61 kommunar til stades, og «Vår nye kommune» var representert med tre tillitsvalte, ordførar og rådmann i Sund, ordførar og rådmann i Øygarden, og varaordførar og servicetorgsjef / koordinator Lillian Torsvik i Fjell.</p> <p>I tillegg til oppstartsamlinga er det lagt opp til seminar med ulike tema – seminar 2) Arbeidsgjevaransvar; seminar 3) Lokaldemokrati, felles kultur og identitet; seminar 4) Korleis nå mål som er sett; seminar 5) Organisering og etablering; seminar 6) Selskap og samarbeid. Det var semje om at seminarrekka må diskuteras og prioriteras ut ifrå kva seminar heile den førebuande fellesnemnda bør delta på og kva seminar ev. utvalte personar bør delta på.</p>
4/16	<p><b>Val av leiar og nestleiar</b></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy gjorde merksam på at det var 16 røysteføre til stades i møtet då Espen Harkestad fyrst var venta til møtet kl. 13.00.</p> <p>Framlegg frå Sund kommune v/ Jogeir Sognnæs:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Val av leiar – forslag ordførar i Fjell, Marianne Sandahl Bjørøy.</li> <li>2. Val av to nestleiarar – forslag ordførar i Sund, Kari-Anne Landro og ordførar i Øygarden, Børge Haugetun.</li> </ol> <p>Anita Garlid Johannesen bad om skriftleg avstemming ved val av leiar, noko som vart imøtekome. Trude E. Villanger og Kjell Arne Vorland vart valt som tellekorps.</p> <p>Ordførar i Fjell, Marianne Sandahl Bjørøy, vart valt som <b>leiar</b> for førebuande fellesnemnd med 12 røyser, 4 røyser stemte blankt.</p> <p>Ordførar i Sund, Kari-Anne Landro og ordførar i Øygarden, Børge Haugetun vart begge valt samrøystes som <b>nestleiarar</b> for førebuande fellesnemnd.</p> <p>Vald leiar, Marianne Sandahl Bjørøy, heldt fram som møteleiar for resten av møtet.</p>
5/16	<p><b>Tema til drøfting</b></p> <p><i>Prioritering av oppgåver og framdriftsplan</i> (sjå forslag til framdriftsplan):</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy la fram forslag til plan for prioritering av oppgåver og framdrift, og opna for innspel til prioriteringa – jf. oppgåver:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kartlegge kva IKT-system som finnast i den einskilde kommune.</li> <li>2. Kartlegge personalreglement og løns- og arbeidsvilkår for tilsette i den einskilde kommunen.</li> </ol>

	<p>3. Utarbeide ein kommunikasjonsplan og sørge for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar.</p> <p>4. Starta arbeidet med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar</p> <p>5. Kartleggja selskapsstruktur i den einskilde kommune.</p> <p>6. Kartleggja dei ulike pensjonsordningane i den einskilde kommune</p> <p>7. Planleggja og gjennomføra eit framtidseminar tidleg i 2017.</p> <p>8. Leggja til rette for studietur våren 2017 for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom prosessen Fjell, Sund og Øygarden skal starta.</p> <p>9. Leggja til rette for felles kommunestyremøte for dei tre kommunestyra i forkant av oppretting av den formelle fellesnemnda våren 2017. Aktuelt tema er status og drøfting av «førebuande fellesnemnd» sitt arbeid så langt.</p> <p>Tom Georg Indrevik kom med merknad til punkt 7) om framtidseminar, der han føreslo at seminaret bør inkludere fleire enn fellesnemnda. Døme på andre kommunale utval er ungdomsråd / eldreråd / menneske med nedsett funksjonsevne, lag og organisasjonar, for å sikre breidde på innspela under seminaret og god forankring. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy stadfesta at inkludering er viktig på eit framtidseminar og vil kome tilbake til innspelet seinare. Ho informerte også om at forskingsmiljø vil bidra på framtidseminaret. Etter ein lengre diskusjon vart det semje om å godkjenne rekkefølgja for prioritering av oppgåver og framdriftsplan slik som presentert i møtet.</p> <p><i>Deltaking seminarrekke – aktuelle tema:</i></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til seminarrekka som Haugetun presenterte tidlegare og opna for diskusjon med tanke på deltaking.</p> <p>Det var semje i førebuande fellesnemnd om at heile nemnda burde delta på seminar 3) Lokaldemokrati, felles kultur og identitet, og leiargruppa i nemnda sjekkar nærare opp tid og stad for seminar 3.</p> <p>Det kom innspel frå Ernst Einarsen om å også sikre deltaking frå nemnda på seminar 2) Arbeidsgjevaransvar. Kari-Anne Landro støtta innspelet og foreslo at leiar i administrasjonsutvalet i dei tre kommunane – høvesvis Ernst Einarsen i Fjell, Kari-Anne Landro i Sund og Børge Haugetun i Øygarden – burde reise på seminar 2) saman med tillitsvalte og personalansvarlege, noko som resten av nemnda slutta seg til.</p>
<p><b>6/16</b></p>	<p><b>Forslag til møteplan 2016 og 2017</b></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til forslag til møteplan for 2016 og 2017 i innkallinga og kom med følgjande forslag til justering: oppsett møte måndag 9.januar, måndag 30.januar og måndag 13.mars utgår; nytt møte for nemnda i samband med seminar 3) Lokaldemokrati, felles kultur og identitet jf. datoavklaring v/ nemnda si leiargruppe. Nemnda slutta seg til forslaget.</p> <p>Det kom innspel frå Børge Haugetun til møteplanen om å endre klokkeslett for møta slik at dei byrja kl. 09.00, og rullere møtestad slik at møta vert haldne både i Fjell, Sund og Øygarden. Begge innspela fekk støtte i nemnda og det var semje om at nemnda si leiargruppe tek med seg innspela og legg fram justert møteplan til neste møte.</p>

	<p>Det kom forslag frå Tom Georg Indrevik om at førebuande fellesnemnd sine møter bør tapes, web-castast eller takast opp slik at det kan leggjast ut på nettsida til «Vår nye kommune». Det var semje om å ta dette forslaget vidare til diskusjon i nemnda si leiargruppe.</p>
<b>7/16</b>	<p><b>Dato for framtidseminar og kommunebesøk</b></p> <p>Førebuande fellesnemnd var fulltalig ved behandling av denne saka då Espen Harketstad kom kl. 13.00.</p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til oppfølging av vedtakspunkt 4 i nemnda sitt mandat:</p> <p><i>Planleggja og gjennomføra eit framtidseminar tidleg i 2017</i>          Bjørøy innleia med at tanken med eit framtidseminar er å knyte seg opp mot forskingsmiljø som kan kome med visjonar / scenario om «Vår nye kommune», og bad om innspel på innhald og tidspunkt. Tom Georg Indrevik kom med innspel om å bruke kommunale organ som ungdomsråd / eldreråd / råd for menneske med nedsett funksjonsevne på seminaret for å sikre deltaking frå flest mogleg, og med næringsutvikling som viktig tema på seminaret. Innspelet om auka deltaking vart støtta frå fleire av nemnda. Tidspunktet for framtidseminaret vart diskutert – og det vart semje om å ha seminaret «så tidleg som mogleg» i 2017.</p> <p><i>Leggja til rette for studietur våren 2017 for å henta erfaring frå kommunar som allereie har vore gjennom den prosessen Fjell, Sund og Øygarden skal starta</i>          Bjørøy innleia med at Sandefjord kommune var ein kommune som peika seg ut å hente erfaring frå, og det kan anten arrangerast ein studietur for den førebuande fellesnemnda våren 2017 til Sandefjord kommune eller så kan sentrale personar frå Sandefjord kommune inviterast til den førebuande fellesnemnda. Innspel som ynskte studietur argumenterte med grunnlaget og heilskapen som ein slik tur gir til alle som er med i den førebuande fellesnemnda og som sikrar oppgåvegjennomføringa. Innspel som ynskte besøk frå Sandefjord kommune argumenterte med at erfaringsutvekslinga kunne delast med ev. tilhøyrar. Eit tredje alternativ vart lansert – å kombinere studietur til Sandefjord med seminar 3) ved å forlenge seminarreisa ein dag. Det vart semje om at nemnda si leiargruppe tek med seg innspela og sender ut forslag i god tid før neste møte, torsdag 8. desember.</p>
<b>8/16</b>	<p><b>Forslag til kommunikasjonsplan v/Vigleik Brekke</b></p> <p>Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til vedtakspunkt 4 i nemnda sitt mandat – utarbeida ein kommunikasjonsplan og sørgje for fortløpande informasjon til tilsette og innbyggjarar. Bjørøy gav deretter ordet til kommunikasjonsrådgjevar Vigleik Brekke. Brekke delte ut forslag til kommunikasjonsplan og viste til at planen fyrst skal godkjennast på neste møte i nemnda. Det kom innspel til planen om å få på plass live overføring av møta etter jul, noko som vil bli drøfta i nemnda si leiargruppe. Det kom vidare innspel om å få inn dato og møtestad for nemnda sin møteplan i kommunikasjonsplanen. Brekke tok innspela med seg og vil legge fram eit endeleg framlegg til kommunikasjonsplan på neste</p>



	møte.
9/16	<p><b>Ymse</b></p> <p><i>Vibecke Hodnekvam</i> ynskte avklaring på om dei tillitsvalte kunne kome med innspel til nemnda si saksliste og ev. kven innspela skulle sendast til. Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til at tillitsvalte og medlemmer av nemnda kan kome med innspel til sakslista og ev. innspel skal sendast til koordinator Lillian Torsvik, <a href="mailto:lillian.torsvik@fjell.kommune.no">lillian.torsvik@fjell.kommune.no</a></p> <p><i>Svein Bergh</i> stilte spørsmål ved nemnda si oppgåve 4) «Starta arbeid med krav og prosess for tilsetjing av prosjektleiar» i framlegg til plan for prioritering av oppgåver og framdrift, knytt til om prosjektleiar skal vere tilsett eller leigd inn. Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy viste til at førebuande fellesnemnd berre kan legge til rette for prosessen med prosjektleiar, og at det er den formelle fellesnemnda som skal tilsette prosjektleiar.</p> <p><i>Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy</i> tok opp igjen kommentaren frå tillitsvalte Vibecke Hodnekvam, under sak 2) Godkjenning av innkalling og saksliste, om at det er ynskjeleg å få innkallinga med sakspapir i god tid før møta i førebuande fellesnemnd. Etter diskusjon vart det semje om at innkalling med sakspapir <u>skal sendast ut 1 veke før møtet</u>, til både medlemmer og varamedlemmer av nemnda.</p> <p>Bjorøy kom også med forslag, på vegne av nemnda si leiargruppe, om at møtegodtgjersle for møta skal betalast ut frå den einskilde kommunen som har representant, og at det vil verta føreteke ei avrekning av administrasjonen. Resten av nemnda var samde i forslaget om møtegodtgjersle.</p> <p>Bjorøy ynskte vidare innspel på nemning av leiar og nestleiarar i forhold til bruk av ordet «leiargruppe». Nemnda var samde om at «leiargruppe» var rette nemninga. Bjorøy viste også til elektroniske lenkjer til aktuelle dokument om kommunesamanslåing på kommunal- og moderniseringsdepartementet og KS, og at det er mogleg å få dokument skrive ut om nokon ber særskilt om det. Presentasjonen som vart vist på dette møtet vert sendt til førebuande fellesnemnda, både medlemmer og varamedlemmer, saman med referat frå møtet.</p>